

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest  
**DATO:** 06.09.2017  
**FRÅ:** Administrerende direktør Jon Bolstad  
**SAKSHANDSAMAR:** Økonomidirektør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Status IKT prosjekt**  
**STYRESAK:** **037/17**  
**STYREMØTE:** **13.09.2017**


### Status IKT prosjekt - AD orientering punkt 6:

#### DIFA – ny bransjeløsning (i regi av Apotekforeningen)

Anskaffelsesprosessen er i avslutningsfase og leverandørane leverte endelig tilbod 30.august 2017. Kontrakt skal etter plan signerast 6.10.2017. Helse Vest IKT signerer kontrakt på vegne av SAV / Helse Vest. Etter kontraktsignering vil valt leverandør etablere eit utviklings og implementeringsprosjekt for ny bransjeløysning samtidig som dagens bransjeløysning gradvis vert fasa ut fram til midten av 2020. Når dagens bransjeløysing er fasa ut må SAV / Helse Vest ha implementert ny bransjeløysing. Det er difor svært viktig å kome i mål med implementering av andre tilknytta system i parallell med implementering av ny bransjeløysing. Ny bransjeløysing vert finansiert av apotekforeninga. Sjukehusapotekføretaka er forplikta til å delta med ressursar for utvikling og implementeringsarbeid, som må finansierast over eiga drift.

#### Ny butikkdataløsning med reseptur (i regi av sjukehusapotekføretaka)

Anskaffing vert gjort for å erstatte funksjonalitet som ikkje vert dekkja i ny bransjeløysing. Dette omfattar funksjonalitet for å understøtte drift av publikumsapotek (butikkdata og resepthandtering) samt drift og vedlikehald. Løysinga skal nytte tenester frå DIFA og vert integrert med regional ERP-løysning (SAP). Estimert tidslinje for prosjektet;




Butikkdataløysinga er meldt til porteføljestyret for prioritering og finansiering gjennom Helse Vest IKT. I tillegg må SAV forplikte seg til å delta med ressursar for utvikling og implementeringsarbeid som vert dekkja over drifta i SAV.

### **LIBRA programmet (i regi av Helse Vest)**

Kontrakt er signert med IBM for innføring av systemet SAP 4S/HANA for alle føretak i Helse Vest. For å sikre en vellykka tilrettelegging og innføring av felles arbeidsprosesser med støtte i SAP har programmet lagt ein gjennomføringsstrategi over to leveransar; LIBRA 1 og LIBRA 2;

#### **LIBRA 1 og LIBRA 2 (gjennomføringsstrategi)**



Alle føretak i Helse Vest skal ta i bruk SAP for rekneskap og budsjett frå 1.1.2019. I tillegg skal fyrste føretak (Helse Stavanger) ta i bruk logistikk-løysinga frå same tidspunkt. Resterande føretak skal innføre SAP logistikk-løysing som del av LIBRA 2. Rekkefølja på føretaka vert avgjort i løpet oktober 2017 (som en del av «high level design»). For SAV sitt vedkomande må vi planlegge å ta i bruk SAP for regnskap og budsjett fra 1.1.2019. Utsifting av FarmaPro er knytt til implementering av SAP logistikk-løysing. Samtidig kan utskifting av FarmaPro fyrst skje når ny bransjeløysing for apotek og nytt system for butikkdata og reseptur er klar for bruk. Tidslinja i disse prosjekta tilseier implementering i fyrste del av 2020. SAP vert finansiert gjennom portefølja i Helse Vest. SAV er forplikta til å delta med ressursar for tilpasning og implementeringsarbeid som skal finansierast over drifta.

### **Regionalt KULE Prosjekt**

Prosjektet inngår i HELIKS programmet og gjennomfører implementering av blant anna ny logistikk-løysing for legemiddelområdet i sjukehusa i Meona. Prosjektet vil ha grensesnitt mot regional ERP løysing (SAP). SAV har forplikta seg til å delta med ressursar for tilpassing og implementeringsarbeid finansiert over drifta.

### **Regionalt produksjonsstøttesystem (i regi av Helse Vest)**

Prosjektet skal anskaffe system som støttar produksjon av legemidlar ved sjukehusapoteka og som vil vere integrert med regionalt ERP og/eller Meona (KULE). Prosjektet er i ein anskaffingsfase. Planlagt implementering av nytt system er 2018/2019. Produksjonsstøttesystem vert finansiert

gjennom porteføljen i Helse Vest. I tillegg må SAV forplikte seg til å delta med ressursar for tilpassing og implementering finansiert over drifta.

### **Nasjonalt Strekkode prosjektet (i regi av sjukehusapotekføretaka)**

Prosjektet er knytt til EUs forfalskningsdirektiv og innføring av merking/skanning og masterdata for legemiddel. Prosjektet vert avslutta innan februar 2019 (frist for implementering av EUs forfalskningsdirektiv). Sjukehusapotekføretaka har ulike system som brukar strekkodeinformasjon men utfordringane med nye strekkoder og ny strekkodeinformasjon er parallelle og difor vert det gjennomført eit felles prosjekt. Prosjektet vert finansiert over drifta i sjukehusapotekføretaka der SAV deltek med ressursar for tilpassing og implementering.

### **Ressursar til IKT prosjekt i SAV**

I 2017 har arbeidet med IKT i SAV auka i omfang og intensitet. SAV har prioritert ressursbruk til prosjekt for utvikling av ny bransjeløysing (DIFA) og felles prosjekt mellom sjukehusapotekføretaka i tillegg til deltaking i regionalt LIBRA Program. SAV er pt. ikkje direkte representert i leveranseprosjekta i LIBRA programmet men er invitert til å delta i referansegrupper og styringsgruppe for leveranseprosjekta etter nærmare avtale med programleiinga. Programleiinga peikar spesielt på at det er viktig at SAV deltek på lager og forsyningsområdet. Utviklinga i dei ulike prosjekta tilseier at spesielt LIBRA, DIFA og Produksjonsstøtte vil ha aukande behov det komande året og ressursar må planleggast der etter.

### **Overordna vurdering**

Framover vil det være stort behov for koordinering av IKT/ utviklingsprosjekter i SAV. SAV skal dei komande åra bytte ut/forny fleire system samtidig. Koordinering av aktivitetar og integrasjonar blir viktig og SAV må sjå desse i samanheng mht. planar, oppgåver og ressursbruk. Det er difor sett i verk arbeid med å samordne pågåande prosjektet i SAV og komande aktivitetar til å bli eit koordineringsprogram med arbeidstittelen «Digital fornying i SAV fram mot 2025». Administrasjonen ynskjer å kome tilbake til styret med ei løypemelding på eit seinare tidspunkt med omsyn til aktivitetar og struktur i dette arbeidet. Arbeidet vil naturleg nok også bli samordna med pågåande strategiprosess.